

Saltsleiken

– om salt-tasker, salt-pyngler og busleik

Salt var ein "go'bit" som kyrne stunda etter. Budeia hadde alltid litt salt med seg når ho "lokk åv" (følgde kryttyra ut i marka etter morgonstellet). Likeeins fekk dyra ein saltsleik når dei kom heim til kvelds.

Saltet vart bore med i saltpyngler bunde rundt livet, eller i ein saltkopp av tre som vart festa i livreima. Dyra i våre dagar får også salt frå neven. Dette blir frakta i plastikkbøtte eller pose, som me ber med oss i handa.

I arbeidet med "Dagros – ei utstilling om kyr og budeier", vart eg verkeleg klar over kor vanleg bruken av saltpyngler var. Fleire gamle bilete viser budeier med ein "saltpose" som er knytt rundt livet. Dette vekte interesse for dette uanselege kleplagget.

Saltpyngle

er ein pose sydd saman av stoff. Denne knyttes rundt livet med hjelp av to band. Slike pyngler/tasker/lommer vart laga av tøyrester eller av gamal klede som vart omattsydd. Pyngla som Nordøsterdalsmuseet har i si samling fortel i høgste grad om gjenbruk. Den



Budeier på Milskiftet på Åsan, Tynset har "lokke åv kua", t.v. Ingrid Pedersdtr. Baklien f. Vassmoen 1858 – 1933, og Anne Amundsdr. Snekkermoen 1862 – 1946. Begge med saltpyngle knytt rundt livet. Biletet er frå ca 1920. (28398)

er sydd av ein strøppelegg, strikka i grått garn. Banda rundt livet er to remser av svart vadmålsstoff. Desse er truleg sekundære da ein ser rester av eit eldre band, av heimevove tøy. Tøyet

har opprinneleg vore stripete eller rutete, i fargane svart, raudt og grønt. Fleire opplysninger om denne saltpyngla finst ikkje, og derfor vanskeleg både å tid- og stadfeste.

Ved hjelp av to informanter har eg fått fleire opplysninger å bygge på. Ester Arnemo på Tynset, fortel at saltpynglan var enkle, laga av grovt tøy, av eit slags bomullsstoff, truleg av sukkersekk. Dei var knytt i linninga med band.

Magny Steimoeggen, Alvdal kan fortel at "a Gomme Utistuen", Elen Brandvold f. 1867 hadde ei slik ei. "Ho va tå skinn, el' strie? Mæ' i snor rundt live'. Me kalte røm salttasker, me", seier ho.

Salkoppen

er av tre og forma av ei kule med eit slags skaft som vender loddrett ned. Dette skaftet har eit hakk i den flate sida. Sjøelve kula er uthola, og har opning på toppen. Koppen er heil dekorert, i karveskurd, truleg skåre med kniv. Hakket i skaftet er laga for å tre koppen innpå livreima, med den flate sida vendt mot kroppen. Koppen sitt dermed godt fast.

I Folldalen har denne namnet "buselek". Det fins fleire slike bevart, flest i Folldalen. Mykje tyder på at desse også var vanlege i Gudbrandsdalen. Typen er også kjent lengre sør i Østerdalen.

Ein av saltkoppane i Folldalen, frå Holen i Grimsbu, har innskåre året 1789, og initialene JJD. Ei kvinne! Det var budeiea som brukte desse og derfor D for datter. Kunne dette vera ei friargave?



Ein saltkopp, busleik, til å sette i livreima.

Bruken

Bruken av saltpyngle kan dokumenterast gjennom gamle fotografier. Da Museumssentret Ramsmoen presenterte "ku- og budeigalleriet" sommaren 2006, hadde fleire budeier saltpyngler festa i midja. Dei bileta som syner saltpyngler kan daterast til perioden 1908 til 1928.

Ester Arnemo f. 1923 i Rendalen hugser godt at desse var brukt. Mor hennar, Julie Eggen f. Helstad gjekk



Ei saltpyngle bevart ved Nordøsterdalsmuseet. Denne er samansydd av ei gamal grå strømpe og har knytteband av tjukt vendmål.

bestandig med saltpyngle, eller ”salttaske, som vi sa i Rendalen”.

Desse salttaskan' eller saltpynglan' vart brukt den tida kvinnfolka gjekk i lange stakker. Begge informantan' kan berre hugse saltpyngler brukt av kvinner i side stakker.

I litteratur som omhandler seterlivet støter ein av og til på bruken av salttasker. I boka ”Gjeterbarn”, omtaler forfattere kleda gjetarungen hadde på seg: ”Jentene hadde stakk, skjorte og kanskje et strieforkle med saltlomme på. Dette var særleg vanlig i Sør-Østerdal og Trysil.” Omtala stammer frå åra mellom 1890 og 1920/30.

Andre typer tasker

Punger og tasker var ein redskap til å bera med seg saker og ting i. Dei vart festa i livet, i stakkelinninga, i eit belte eller knytt fast med band. Eksempler på dette er frå eldre tid *eldpungen*, til å bera med seg ild/varme i. Tradisjonane omkring denne strekker seg langt tilbake.

Lauslommene, som tradisjonelt vart brukt til folkedraktene, hadde same funksjonen. Dei me kjenner til har fine messinglås, og er i bruk frå slutten av 1700 til ca 1880. Desse vart brukt til å frakte med seg kniv og andre verdisaker i.

Informanter

Ester Arnemo f. 1923 i Øvre Rendalen.

Magny Steimoeggen f. 1926 i Alvdal.

Kjelder

Tynset bygdebok 1

Tynset bygdebok 2

Alvdal bygdebok bind 2, nr. 1

Magne Engernes: Gjeterbarn. Trysilforlaget, utg. 2000

Dølaposten, Otta: 28. mars 1981.

Gudbrandsdølen, Lillehammer: 31. juli 1981.

Østlendingen, Elverum: 12. august 1986.

Helga Reidun Bergebakken Nesset
Nordøsterdalsmuseet
2500 Tynset